



Benedicte Rakel Rikstad
Kapperdalsvegen 170
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2547 - 19/13590

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

04.05.2019

Referat frå møte i SU / SMU 11.april 2019

Dato: Torsdag 11.april 2019

Tid: kl.15:00 – 16:00

Stad: Seim skule, møterom 1.etg.

Til stades: Kjersti-Iren Innvær Ljones (lærer), Solveig Alver (lærer), Gerd Karin Isaksen (andre tilsette), Mathias Solvi Køhne (elev), Tuva Langøy (elev), Laila Bjørge (kommunen) og Anne Wergeland (rektor)

Fråfall: Benedicte Rakel Rikstad (FAU) og Trine Rønn-Aar (FAU)

Del 1 Samarbeidsutvalet (SU)

Sak 1/19 Godkjenning av referat frå møte 15.november 2018

Referatet godkjend

Sak 2/19 Godkjenning av sakliste

Saklista godkjend

Sak 3/19 Tilbakemelding frå elevrådet om aktuelle saker

Garderobeaksjon:

- Garderobeaksjonen var veldig vellukka, alle klassene er blitt flinkare til å rydde og halda orden. Elevane i elevrådet var med på «inspeksjonsrundar» og gav poeng. Fredag, siste dag før påske, var det premieutdeling til den beste klassen på småtrinnet og på mellomtrinnet.

«Å vere ein god klassekamerat»:

Alle klassene har drøfta kve det vil seie å vere ein god klassekamerat, elevrådet sette opp ei liste over kriterie og denne er sendt ut til klassene med oppmoding om jamleg å evaluere kva dei er gode på og kva dei kan bli betre på.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mobilbruk:

- Elevane har ikkje lov til å bruke mobil i skuletida. Om dei tek med seg mobil på skulen skal den ligge i sekken. Det har vore nokre episodar med ulovleg mobilbruk i vinter. Skulen vil derfor prøve ut ei ordning med mobilhotell på 5. – 7.klassetrinn fram til sommaren.

Leikar og utstyr ute:

- Elevrådet får ofte inn ulike ynskje frå klassene om uteleikeutstyr. Noko vil bli kjøpt inn no i vår.

Sak 4/19 Tilbakemelding frå FAU om aktuelle saker

Ingen tilbakemelding da begge foreldrerepresentantane hadde meldt forfall.

Sak 5/19 Tilbakemelding frå skulen om aktuelle saker

Kvalitetsplanen:

- Vert sendt ut på høyring før neste møte i SU/SMU

Utviklingsarbeidet ved skulen:

- Rektor fortalde litt om arbeidet med Growth Mindset, læringsgruppa, lesing og spesialundervisning/tilpassa opplæring
- Vidare om arbeidet med skulebiblioteket som er delt i tre «avdelingar», innreiing, innkjøp og presentasjon av nye bøker.

Nye Alver kommune:

- Litt informasjon om status

Sak 6/19 Neste skuleår

Skulen legg opp til ny inndeling av skuledagen, pauser på same tid kvar dag og litt tidlegare avslutning av skuledagen. Pr. 11.april trudde vi at vi var i mål. Seinare viste det seg at Skyss si løysing ikkje var i tråd med skulen sine ynskje. Meir om dette på neste møte i SU.

Del 2 Skulemiljøutvalet (SMU)

Sak 7/19 Opplæringslova kap.9a

- Rektor orienterte om forvaltningsrevisjon
 - o Deloitte gjennomfører i vår ein forvaltningsrevisjon i.f.t. skulane si oppfølging av kap.9a i opplæringslova.
- Rektor orienterte om rapport til skuleeigar om skulen sitt arbeid med kap.9a i opplæringslova ; sjå vedlegg

Sak 8/19 Prosjekt Betre Læringsmiljø

SU/SMU vedtok 15.november 2019 i sak 17/18 å vere referansegruppe til «Prosjekt Betre Læringsmiljø»: *Prosjekt Betre Læringsmiljø er eit felles prosjekt for Meland, Radøy og Lindås kommunar. Prosjektet skal bidra til å sikre heilskap og system i arbeidet med å skape gode læringsmiljø. Det peikar fram mot Alver, og vil gi ei felles plattform for korleis vi forstår, forankrar og jobbar aktivt med læringsmiljø i barnehage og skule.*

Skulen fekk tilsendt «Skisse til standard pr mars 19» til referansegruppa (SU/SKMU). Skissa låg ved innkallinga til dette møtet. SU/SMU ble bedt om å gi prosjektgruppa ei tilbakemelding på om dei er på rett veg.

Møte i SU/SKMU ved Seim skule 11.april 2019 uttalar følgjande til sak 8/19 "Prosjekt Betre Læringsmiljø":
Vi liker oppsettet med tydeleggjering av innhald, mål og ansvar for dei ulike rollene i arbeidet. Vi reknar med at dei tomme kulepunkta vert fylt ut etterkvart. Vi meiner at prosjektgruppa er på rett veg i høve til å lage eit godt verktøy for barnehagar og skular.

Neste møte i SU/SKMU er sett til: **Torsdag 23.mai kl.15:00**

Med helsing

Anne Wergeland
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Seim skule Elevane sitt skulemiljø rapport frå rektor

Mottakarar:

Benedicte Rakel Rikstad	Kapperdalsvegen 170	5912	SEIM
Gerd Karin Isaksen	Bruvegen 108	5914	ISDALSTØ
Kjersti-Iren Innvær Ljones	Orresteinen 10 A	5916	ISDALSTØ
Laila Bjørge			
Mathias Solvi Køhne			
Solveig Bjørnøy Alver			
Susanne Håland	Lurevegen 352	5912	SEIM
Trine Rønn-Aar	Lurevegen 516	5912	SEIM
Tuva Langøy			